

Ljosglytt

Helsing frå Framnes



Å vise fram Gud	s. 2
Frå ein festtale	s. 4
Minneord	s. 6
Misjonsprosjektet	s. 7
Vi snakker med ...	s. 8
Frå minneboka	s. 9
Elevane 2007-2008	s. 10
Turen til Tunisia	s. 12

*Marit Johansen frå 3C
svingar seg i tunisisk
folkedans.
Foto: Sverre Lindøy*

Å vise fram Gud

Kvifor er eg så lite frimodig i å vise fram Han som er det viktigaste i livet mitt? Kvifor viser eg ikkje stadig kor stolt eg er av å kjenne Gud?

Tidlegare i haust hadde eg gleda av å vere med som ein av reiseleiarane då 46 Framnes-elevar reiste på studietur til Tunisia. Turen gav mange nye inntrykk. Dei sterkaste inntrykka handlar om kristne som står opp for trua si og med heile seg ønskjer å vise fram ein allmechtig Gud som dei er stolte av å kjenne.

Tunisia er eit muslimsk land, i den forstand at det store fleirtalet av innbyggjarane i landet vedkjenner seg til islam. Kristen misjonsverksemd og offisielle uttrykk for kristendommen er ikkje tillete. Likevel har kristendommen ei lang og sterk historie i Tunisia. Vi fekk høyre historier om dei tidlege kristne i landet, som blei forfølgde, men som responderte på forfølgningane med endå sterkare vitnesbyrd, samtidig som dei blei endå meir overtydde om at dei var på rett veg. "Ta livet av oss, og vi vil vakse, både i trua og som forsamling", var mantraet deira. Dei sette trua og retten til å vedkjenne denne framfor alt her på jorda – også eige liv.

Det norske ekteparet Mari og Njål er busett i Tunisia. Offisielt driv dei eit reiseselskap, men uoffisielt driv dei med misjonsverksemd. Møtet med Mari og Njål var sterkt, fordi dei med eit ekte og levande engasjement lever for å vise fram Gud. På sett og vis arbeider dei ut frå dei same prinsippa som dei første kristne, og på sett og vis under liknande, vanskelege vilkår. Trass i desse vanskelege vilkåra, med styresmakter som motarbeider dei, gir dei ikkje opp. Dei er uredde, og brukar ei kvar

anledning til å vise fram Han som betyr så mykje for dei for folk som ikkje kjenner Gud frå før.

Både dei tidlege kristne i Tunisia og Mari og Njål har verkeleg tatt Jesus sine ord frå Joh.16,33 på alvor: "Dette har eg sagt dykk så de skal ha fred i meg. I verda har de trengsler, men ver frimodige: Eg har sigra over verda!"

Å møte Mari og Njål var for meg både ei sterk påminning og ei stor utfordring om å bli meir ivrig etter

å vise fram Han som eg er stolt av å kjenne og høyre til. Eg møter ikkje den same motstanden som dei tidlege kristne i Tunisia eller som Mari og Njål i kvardagen. Den største motstanden møter eg kanskje i meg sjølv, og eit manglande frimod i å vise fram ein Gud som eg er stolt av å kjenne og høyre til. Då kan det vere godt å bli minna på orda frå Johannes om at vi skal vere frimodige, og at vi kan vere dette fordi Jesus har sigra over verda. Det burde forplikte oss til å vere frimodige, og uredde vise fram Gud for all verda!



Ruinar frå romersk amfi, der dei kristne vart martyrar. Dei sat fanga bak gitteret (buegangen bakerst i bildet) og vart sendt ut til løvene.

Foto: Sverre Lindøy



Ljosglytt er eit blad for alle Framnes-vener, gamle og nye!

Adresse:
Ljosglytt
Vikøyvegen
5600 Norheimsund
Telefon: 56 55 05 00
Fax: 56055013092
E-post: ljosglytt@framnes.vgs.no

Redaksjon:
Lars Arvid Oma
Eimund Solsvik
Magne Kolstad
Linda Augestad Lindås
Solgunn Eide

Adresselister og rekneskap:
Berit Hope Byrkjeland

Opplag:
2300
Grafisk framstilling:
Lars Arvid Oma
Trykk:
Øystese Trykkeri
Giro: 0530.54.36811

Vil du vera med?

Oppstarten av Ljosglytt har ført til at Elevlaget har fått nye utfordringar og i den samanheng ønskjer me å vekkje interesse hjå alle Framnes-venene der ute.

Elevlaget fungerer som ein redaksjonskomite for Ljosglytt. Dei skaffar stoff og artiklar, formar idear og lagar artiklar. Lars Arvid Oma er redaktøren og har ansvar for grafisk design. Han er den som kan dette, utdanna journalist med mange års erfaring.

Elevlaget er glade for at Lars Arvid har sagt ja til å vera med i Ljosglytt-arbeidet.

Bladet treng fleire bidragsytarar blant dagens og tidlegare elevar, tilsette og andre Framnes-vener.

Vil du vera med?

Ta kontakt!

Framnes: (56 55 05 00)

Nytt frå elevlaget

Elevlaget hadde årsmøte på elevstevna 2007 og har fått nye medlemmer. Dagens Elevlag består av følgjande:

Eimund Solsvik

Representant frå skulen
- Han har vore trufast og langvarig styremedlem i Elevlaget. Han kan karakteriserast som eldsjel for Ljosglytt og styrets jubillantliste-expert!

Magne Kolstad

Styremedlem
- Tidlegare folkehøgskulelærer ved Framnes. Vår avtroppande leiar som framleis tek mykje ansvar for at arbeid skal verta gjort!

Linda Augestad Lindås

Leiar
- Tidlegare elev frå 1998-2001, brenn for å vekkje interesse hjå Framnes sin yngre generasjon elevar.

Øyvind Grindheim

Styremedlem
- Tidlegare elev frå 1998-2001, og ny i styret frå årsmøtet i 2007. Han tek gjerne del i det praktiske arbeidet i

Elevlaget og er ikkje redd for å ta i eit tak!

Solgunn Eide

Vararepresentant
- Tidlegare elev frå 2000-2003 som har eit stort Framnes-nettverk som Elevlaget kan ha nytte av. Formålet til Elevlaget er å:

- Styrkja samkjensla mellom tidlegare elevar og Framnes.
- Støtta arbeidet for dagens elevar ved skulen.
- Arrangere elevstevne.

Elevlaget arbeider for tida med kalender 2008, oppstart av Ljosglytt-bladet og neste års elevstevne. Me treng forbøn for arbeidet, nokon som ønskjer å skriva i bladet Ljosglytt og medlemmer som stiller opp om arbeidet og arrangement. Elevstevna 2008 vert 28.-29. juni 2008 på Framnes! Jubilarar, tilsette og alle andre er hjarteleg velkomne. Program og invitasjon vert sendt ut våren 2008.



Eimund Solsvik, Magne Kolstad og Linda Augestad Lindås under eit av styremøtene i haust.
Foto: Lars A. Oma

Linda A Lindås:
(56 22 74 61 / 97 52 57 17).

Bidrag kan sendast til:
post@laoma.no

eller pr post: Framnes kr. vgs., 5600 Norheimsund.
Merkast: Ljosglytt

Til lukke med dagen, jublant og framnesing og elevstemnedeltakar!

Lat meg først tilstå: Eg har ikkje vore elev på Framnes. “Min” folkehøgskule som elev låg på Frekhaug. Men eg vart likevel framnesing. Etter ferdig utdanning var i grunnen folkehøgskulen einaste alternativet for meg. Skuleslaget hadde gitt meg så mykje. Der ville eg gjerne arbeida sjølv.

Det var rektor Onarheim som formidla kallet til Framnes. “Du må sjå om du kan få oppleva det som eit kall å komma til Framnes.” For meg var dette ei stadfesting av noko eg kjende som eit kall.

Slik vart eg altså framnesing.

Møtet med Framnes vart eit møte med det kjende -og det ukjende.

Eg kjende att den kristne ungdomsskule slik eg hadde møtt han som elev på Frekhaug. Lærartypene var mykje dei same.

Det er nokre som seier at ungdomsskule eller folkehøgskule var ein ‘dille-skule’ der ein lite arbeidde med skularbeid og lærte lite. Slik minnest eg det ikkje. Hausten 1971 starta skuleåret for ein fersk norsk- og musikk lærar med to ting: Stemmeprøving av elevane til skulekoret med etterfølgjande innøving av ‘I som er givet’ til opningsfesten (!), og helst ein korsong i tillegg. “... for det klarte dei i fjor ...!. Og prøvar (me ville vel kalla det testing) i norsk og eg trur og matematikk. Så vart elevane fordelte i klassar etter kva nivå dei synte. Første året var det enkelt for meg: eg fekk alle bokmålslevane i ein klasse.

Det første skuleåret vart forresten avslutta med det ‘gamlelærarane’ kalla eksamen. Elevane sat i gamle gym.salen. Eg hugsar eg skulle sitja vakt, og tenkte eg kunne nytta tida til å lesa litt. Då kom Svarstad farande. Dette var eksamen! Eg skulle vera vakt. Då skal eg følgja med, ikkje lesa i mitt eige! Eg skjønna at dette var alvor!

Den kristne folkehøgskule var reist for å gi kunnskap! Målsetjinga for dei første åra på Framnes var m.a. å gi “... en på folkeskolen bygget videregående opplæring”. “Vidaregående opplæring” var noko anna enn den vidaregåande skulen i dag. Det var ei opplæring utover det vanlege, vidare enn det folk flest fekk i folkeskule. I eit skule-Norge med 13 års skule for alle, vil “vidaregående opplæring” i 1897-termar frå Brandtzæg

i dag vera eitkvart som kjem etter og byggjer vidare på det 13-årige skuleløpet, nett som den kristne folkehøgskulen gjer i dag.

Alt første året her på Framnes vart det lyst ut “forbredelseskurs for seminariet”. På den første kristne ungdomsskule på Notodden var kristen ungdomsskule og lærarutdanning to viktige sider ved den skulen som seinare har vorte til Sagavoll på Gvarv og lærarutdanning på høgskulen på Notodden.

Og slik fungerte dei kristne ungdomsskulane / folkehøgskulane opp mot 1970-åra. I min lærarskuleklasse i Bergen var det omtrent berre tidlegare folkehøgskuleelevar. Og i mange av jubileumskulla i dag er det store grupper av lærarar og jukepleiarar. Me fekk kunnskap! Me fekk ‘kompetanse’, dette skjellsordet i mange folkehøgskulekrinsar ei tid. Den kristne folkehøgskulen si rolle i bygginga av det norske kunnskapssamfunnet tykkjast vera undervurdert. Skuleslaget var banebrytande på mange felt. Framnes var mellom dei første med praktiske liner. Om ikkje det vart formell kompetansen den gongen vart det reel kompetanse for eit rikt samfunns- og heimeliv. “Dyktige til ferden mot det forjettede land!”

Me var tre unge lærarar som kom til Framnes den hausten (-71): Åge Hushagen og Berit (Vestbøstad) Sandvik, alle kameratar heime frå, frå skule og bedehus. Det var kjekt!

Åge og eg kom til Framnes m.a. for å få i gang ei idrettsline og ei musikkline. Det hadde vore mykje idrett og mykje musikk på Framnes før. No skulle det inn i eit system med eige lineopplegg for desse faga.

Om det vart det storsatsinga Onarheim og styret for skulen hadde vona, veit eg ikkje. Men det var skikkeleg og seriøs undervisning me dreiv.

Det var travle dagar og år. På mange måtar vart det i mange år ein einsleg jobb reint fagleg. Dei fleste Framnes-åra var eg t.d. åleine mellom dei faste, fulltidstilsette lærarane om å spela til songen, korsong og allsong.

Så var den sosiale og menneskelege fellesskapen tett. Og kanskje kunne me snakka om “folkehøgskulefagleg” fellesskap. Øyvind (Haarr) kom tidleg med ‘Folkelige Grundtanker’ av Christopher Bruun. Den skjønna eg at eg måtte lesa. Ein diskusjon om skuleslaget vårt skulle halda på nemninga ‘ungdomsskule’, eller

gå fullt over til nemninga lova nytta, folkehøgskule, gav grunnlag for prinsipielle drøftingar om kva ein kristen ungdomsskule eller folkehøgskule skal vera. Kva fag høyrer med som det me etterkvart kalla ‘fellesfag’? Kva med vurdering og karaktergjeving? Korleis vidareutvikla skulen i dilemmaet mellom å vera marknadstilpassa for å få nok elevar, og å halda på eigenart og historisk kontinuitet. Alt første året vart eg med i ei pedagogisk nemnd Onarheim sette ned. I lag med Nils Svarstad, Øyvind Haarr og Magnus Aase skulle eg vera med i arbeid med framtida for skulen. Undervisningsplanar, lærarutlysning (og seinare innstilling før tilsetjing), PR-framstøyt - alt dette var ting me arbeidde med. Strategiutvikling ville me kanskje kalla dette i dag? Og når eg tenkjer attende er eg imponert kva denne unge spirrevippen fekk av tillit både hos rektor og hos medlærarar.

Eg kom til ein tradisjonsmetta skule då eg kom til Framnes. Slikt kan vera både inspirerende og tyngande. Det var dei som gjorde oss ungdommane merksame på samanhengen me gjekk inn i. Me fekk sanneleg høyra om ‘Framnes-lærarane’, dei gamle og gode, dei med skjorta og slips eller sløyfe inni kjeledressen eller lagerfrakken i verkstadane.

Meir inntrykk gjorde nok det me høyrde om lærar-innsatsen deira. Om ‘gamle’ elevar som på elevstemnene fortalde om åndfulle foredragstimar, ugløymande litteraturforedrag i lag med gamle Svarstad og Ibsen sjølv (høyrdest det nesten ut for), reknetimar der Pytagoras og Sjurd Rørvik gjekk i lag mellom pulttrekkene. Og Sanvoll sin dirrande peikefinger til laaange bibeltimar som (kanskje) gjekk langt over hovuda på dei yngste og mest umogne. Men store tider hadde det vore!

Bright Vaage fortalde stundom om si første-oppleving som ny Framnes-lærar: “Eit risengryn i verdenshavet!” Når han kjende det slik - kva då me oss ungdommane? Han (BV) var forresten den som trøysta oss nykommarane og: “Eg har vore lærar i lag med både dei og dykk. Det har ingenting å skjemmast over!” Me prøvde å tru på han, men det var ikkje lett!

Ein tradisjonsrik - nokon vil kanskje seia tradisjonstyngd skule!

Eg trur ikkje tradisjonen var øydeleggjande i den tida. Heller mana det oss til arbeid og innsats. Ikkje for å verta som

gamle-lærarane, men for å føra vidare arven som ligg i ein god tradisjon. Og kvar ny lærargenerasjon må oppattnya denne tradisjonen. Serleg vanskeleg, men og viktig! trur eg det er for dykk som no arbeidar i eit heilt anna skuleslag, men likevel ikkje kjem klar ‘Framnes-tradisjonen’.

Kva var så det viktige og sermerkte ved den kristne folkehøgskulen? Kva er arven me som framnesingar (om skulen heitte ungdomsskule, folkehøgskule eller vidaregåande skule) skal minna kvarandre om på ein dag som dette?

For meg kan det illustrerast gjennom to små litterære perler:

(Aleksander Solsjenitsyn: «Andungen»)
Ein liten gul andunge vraltar framfor meg og nesten sleper den lyse buken sin gjennom det våte graset. Så kjem han bort til meg, fell mest over ende på dei tynne, skrøpelege beina sine og klynkar: «Kvar er mor mi? Kvar er dei alle saman?»

Men han har slett inga mor. Det vesle andegget hadde dei lagt under ei rugehøne, og ho hadde ruga det ut saman med dei andre egga og fordelt varmen sin likt på dei alle. No like før uveret tok dei det vesle andehuset - ei endevend korg utan botn - og bar det under tak og dekte det til med sekkestriar. Alle dei andre var der, berre denne eine hadde gått seg bort. Kom da, småen, og set deg på handa mi! Kan vi så seie at det er liv i han? Han er så å seie vektlaus, auga er som svarte glasperler, og beina spede som hos ein sporv. Berre klem han litt, og livet i han vil slokne.

Likevel er andungen varm. Og nebbet er breitt - og bleik-raudt som om det var sminka. På føtene har han alt no den gule symjehuda som er så særmerkt for ender. Små dunkledde venger held på å vekse fram. Og når det gjeld karakter, stikk han seg ut i kameratflokk.

Og vi - vi skal snart flyge til Venus. I dag kan vi ved felles innsats fare jorda rundt på tjuve minutt.

Men aldri - aldri vil vi med heile vår atomkraft, og sjølv om dei gav oss både fjørene og beina - bli i stand til å framstille denne vesle gule, vektlause og fullstendig hjelpelause andungen i eit reagensglas.

Til nynorsk ved utg. etter ei omsetjing av Ivar Magnus Ravnum

Litt filosofering med utgangspunkt i desse tektane til siste i festtalen: Me sit med kjensle av at me maktar

så mykje. Alt ligg vel til rette for ei ljós framtid for dei fleste av oss. Og likevel: Det skal så lite til før alt fell i grus. Då maktar me ingenting. I Framnes-songen syng me om unge som er “brave i verden, dyktige til ferden mot det forjettede land.” I den samanhengen er det nok rett. Men lausrive frå samanhengen er vegen kort til menneskelg overmott.

Kva er då eit menneske-? Spør salmediktaren i Bibelen, Salme 8. Me starta med Solsjenitsyn. Ei erkjenning av alt det mennesket maktar: “Og vi - vi skal snart flyge til Venus. I dag kan vi ved felles innsats fare jorda rundt på tjuve minutt.”

Bestemor, som vaks opp utan elektrisk straum, fekk sitja heime i si eiga stove og sjå på TV -skjermen dei første menneskestega på måneoverflata. “Eit lite steg for eit menneske; eit stort steg for menneskeætta.” I skapings saga seier Gud: “...De skal ...leggja henne (jorda, heile skaparverket) under dykk.”

Vidare skal mennesket råda over skaparverket. Det er dette me ofte kallar kulturoppdraget, eit Gud-gjeve kall til innsats i skaparverket. “Alt som er godt, alt som er ære verd..” (Filip.4.8) kjem inn under dette kulturoppdraget. Det er det oppdraget me fyller når menneske kan skapa det fremste av song og musikk, når vitskapen kan gje oss det mest fantastiske. Har de tenkt på berre kva underverk me alle ber på armen i armbandsuret? Inne i denne vesle boksen ligg eit kvartkrystall som roterer så fort at det svimlar for tanken.

For ikkje å snakka om dei små urverka som har kontakt med eit “verdensur” ein eller annan stad i verda via ein satellitt som fer rundt jorda langt der oppe. Slik kan alle ur i verda gå likt.

Ei lita kartmaskina syner vegen og bestemmer på næraste meteren kvar du er. Er me imponerte?

Eg er redd me er så blaserte at me heller klagar dersom klokka seinkar eit sekund eller to i veka. Slikt vil ikkje me ha.

Eller kva med alt det den medisinske og kjemiske vitskapen får til og som me alle er delaktige i? Ein hjarteoperasjon verkar nesten daglegdags når me snakkar om den. Genspleising og genmanipulering, medisinar som påverkar oss både til kropp og - sjel.

Kvardagen vår har vorte så fantastisk at me sjølv vert forflata og ser ikkje det store i dette me lever midt oppi. Og dette har skjedd dei siste 50 åra. Min

generasjon har opplevd det meste av dette. Me minnest korleis me sto i kø framfor butikkvindaugo der TV -handlaren hadde sett fram ein svart-kvit skjerm me kunne sjå OL på. Og foreldregenerasjonen min som er fødd tidleg på førre hundreåret, har opplevd endå meir.

PC-teknologi og internett gjer oss til verdsborgarar i ei ny meining av ordet. Heime i vår eiga stove.

Har dette gjort noko med oss som menneske? Har dette påverka korleis me ser på kvarandre som menneske? Kanskje! Eg er redd for det.

I syndefallsforteljninga i Bibelen les me korleis freistaren lokkar mennesket med å kunna “verta som Gud” (1.Mos.3.5), for mennesket ein forlokkande tanke. Å kunna vera “alvltande”, kjenna til alt, vera som Gud... Heilt til me står der og veit meir enn me maktar å bera. Syndefallet la børder på menneske-akslene som er tyngre enn noko menneske kan bera. Så slit me kvar dag under kunnskapsbørdene våre, -under børder Skaparen ikkje hadde tenkt for oss. Ikkje for ingenting inviterar Frelsaren til seg dei som slit og har tungt å bera. (Matt. I 1.28) Eg trur det er ein samanheng også her.

Korleis har me menneske vorte i dette stormløpet mot framsteget?

Den tyske jøden, fillosofen Theodor W. Adorno har kalla ein artikkel “Oppdragelse etter Auschwitz”. Eg skal ikkje gå inn på innhaldet i den artikkelen, anna enn å poengtera at for Adorno er Auschwitz eit symbol på noko så grensesetjande i menneskeætta si moderne historie at ingenting vert som før, etter Auschwitz.

På motorvegen mellom Katovice og Krakow i Polen står eit skilt: Oswiecim. Nokre av dykk kjenner att det tyske namnet Auschwitz. For mange år sidan sto eg første gongen framfor porten eg berre hadde høyrt om. “Arbeid mach frei”. Eg var berre turist, eller kanskje meir enn turist: ein valfartar. Etter i mange år å ha arbeidd i lag med elevar med tema om menneskeverd og menneskesyn sto eg altså framfor ‘porten’. Framfor symbolet på kva som kan skje i eit kultivert og sivilisert Europa når mennesket gjer seg sjølv til Gud og vil råda over liv og død for medmenneske. I Auschwitz har det autonome, det sjølvstyrte mennesket spela falitt.

No står eg sjølv framfor porten. Eg

går inn. Leiren ligg der som den låg, stort sett. Skiten og lukta er borte. Brøla frå dei tyske vaktarane er borte. Galgen står der, ei jernbaneskinne over nokre stokkar. Men liklukta frå krematorieomnane er borte. Kan eg læra noko? Eller er eg berre turist? Framfor veggen der meir enn 20.000 menneske vart skotne, legg me ned nokre blommar. Også nordmenn let livet her. Men det betyr ikkje noko kvar dei kom ifrå. Dei var menneske, alle dei 20.000, som en liten norsk by, -av jødisk ætt, frå Polen eller Jugoslavia, frå Russland eller frå Nederland, -eller frå vesle Noreg. Eg skjæmest ikkje for å seia at tårene fekk renna fritt. Talen er eintydig: Slik kan det gå når eit samfunn tek til å gradera menneskeverdet. Auschwitz er symbolet på gradert menneskeverd i sin ytterste konsekvens. Kvifor dette på ein fest? Difor: Mi største oppleving i Auschwitz er ei 16-17 år gammal jente, folkehøgskuleelev. Like før turen vår hadde det i avisene kome fram at mange prøvde forneakta heile Holocaust. På veg ut av leiren kjem denne jenta bort til meg

med augo fulle av tårer: "Øystein, det er nokre som seier at dette ikkje har skjedd. Eg trur dei ikkje!" Ho sa det med overtyding, og med trass. Takk skal du ha, folkehøgskulejente! Har me bruk for den kristne folkehøgskulen og for kristne vidaregåande skular? Ja, så lenge det er trong for at nokon ropar ut kor viktig det er å ta vare på mennesket, - skapt i Guds bilete. Så ei Bibel-tekst til sist: Salme 8. Legg merke til ein ting: Anten det er snakk om det me kallar "menneskets storhet", eller "menneskets ringhet", er det i denne salmen av David innringa av ei lovprisning til Gud. I det ligg det ei erkjening av at Gud er Skaparen, han er Herren. "Gud er Gud om alle land lå øde. Gud er Gud om alle mann var døde.", syng Petter Dass. Me burde syngja meir på den sanninga. **Det autonome**, det sjølvstyrte mennesket kan lett verta det farlege mennesket, - farleg for seg sjølv. Du har vore elev på ein kristen skule. Her møtte du lærarar som peika på skaparen sine ord om sitt ypparste

skaparverk: "... kva er då eit menneske at du kjem han i hug; ...du gjorde han lite lægre enn Gud.." Eller for på nytt å sitera Wergeland: "Glem ei du er støv. Glem ei du er mer enn støv." (Skabelsen, Mennesket, Messias). Det er ein slik arv me har som tidlegare folkehøgskuleelevar.

Eit jubileum kan og bør kanskje nyttast til nett dette: minna kvarandre på ny og på ny om at det viktigaste i livet er å verta det dei er skapte til. "Å leva er å vera det store som ein er". (Tor Jonson) "Så skapte Gud mennesket i sitt bilete, i Guds bilete skapte hand det, til mann og kvinne skapte han dei ... Og Gud velsigna dei .." (1.Mos.1.27-28) Det moderne mennesket har så lett for å gå glipp av den velsigninga!

Festtale på elevstemna, Framnes 23.06.07

MINNEORD | Åge Hushagen til minne

Åge Hushagen døydde brått 3. juni i år. Gravferda var frå Vikøy kyrkje. Sokneprest Johnny Knutsen gjorde teneste. Fleire bar fram helsingar i kyrkja. Frå vener og kolleger på Framnes bar Øystein Ådland fram denne helsinga.



Åge, slik me alle hugsar han

«Åge kom til Framnes og til Kvam sommaren -71. Før den tid hadde han også vore elev ved skulen. Hausten -71 starta Framnes med både musikkline og idrettsline. Eg kjende Åge både heime frå Fana og frå lærarskuletida. Så eg gledde meg til å få arbeida i lag med han på Framnes. Me var tre nye, om lag jamgamle, lærarar som kom til Framnes den sommaren. Etterkvart vart det fleire småbarnsfamiliar på Neset. Så vart det meir enn berre eit kollegafellesskap: - det vart vennskap som varer til i dag, og vil vara. Det tette folkehøgskulemiljøet kunne lett skapt uløysande konflikhtar. Det vart ikkje slik. Og Åge var i alle høve ikkje konfliktskapande. "Det er uråd å seia noko om Åge som ikkje kan seiast i alle samanhenger," sa Halldor Sandvin på telefonen ein av dei siste dagane. Med det uttrykte han at når me i dag sit att med minna, er det berre gode minne me har frå dei mange

åra i lag. Me kollegaer og kameratar slepp på ein dag som i dag sortera ut kva som kan seiast og kva som måtte teiast med. Me kunne bore fram masser av gode minne, artige situasjonar, treffande replikkar, me kunne gitt eit bilete av ein kameratgjeng og familiar i tett bufellesskap som framleis kjenner det flott å vera i lag. Og sentral i dette fellesskapet var Åge. Me har misst ein god og samvitsfull kollega. Me har misst ein god medarbeidar i fleire samanhenger. Me sit

att med gode minne, men med sagn og sorg. Han var den velførebudde og grundige læraren, anten det var snakk om timar, om morgonandakten, eller anna som skulle gjerast. Åge var ikkje utan sterke meiningar. For fellesskapet vårt var ikkje prega av einsretta semje. Men han bar meiningane sine fram på ein slik måte at eventuell usemje ikkje skapte uvennskap og utrivnad. Familien var viktig for Åge. Han var stolt av jentene sine! (.. når han sa «jentene mine», var Aslaug med i talet. Oftast sa han vel «jentene våre».) Og no i seinare tid var han i tillegg oppteken av barnborna. For dykk alle er saknet og sorga sterkast. Men me sørgjer og saknar, me andre og! Åge – den sprekaste og sunnaste av oss skulle gå bort alt no. Me skjønar det ikkje. Me har helst lyst å protestera andsynes både Gud og menneske. Eg trur me har lov til det. Men både Åge og me har prøvd formidla i forkynning og samtale at det er von tover død og grav. Det må me hjelpa kvarandre å hugsja på ein dag som dette.»

Øystein Ådland

Framnes hadde ikke vært det samme uten!

Over 910 000 kr. ble sendt fra Framnes til Mali i starten av sommerferien 2007. Tusenvis av arbeidstimer var lagt ned, og liv ble reddet. Men kanskje enda viktigere; en haug med ungdom har fått øynene opp for fattigdomsproblemet og det store behovet for misjon i verden. I tillegg har gode givervaner blitt innarbeidet.

910 000 kr. utgjør godt over 3000 kr. per elev, og bak de fine tallene ligger en enorm innsats fra veldig mange personer. Flesteparten av elevene var med og bidro, og mange ofret timesvis av fritiden sin. I tillegg var lærere, kjøkkendamer, vaktmestere, resepsjonister og andre i personalet mer enn villige til å hjelpe. Framnes er en misjonsprosjektskole! Hadde Framnes vært det samme uten misjonsprosjektet? Nei,

Tre nye helsesenter

Misjonsprosjektet på Framnes er ikkje berre ein miljøfaktor ved skulen. Det er noko særeige og verdifullt, eit prosjekt som kvart år forandrar livet til mange tusen menneske.

I Mali i Vest-Afrika står det no tre flunkande nye helsesenter. Fjorårets innsamling gjorde det mogleg å gje eit helsetilbod i områder der helseforholda til dels var heilt prekære. Erfaringar, arbeidsplassar, medisinar og nyttig kunnskap har funnet vegen ut i bushen. Omskjering av jentebarn, malaria og andre sjukdommar vert no bekjempa, og dei positive resultat er allereie store.

Prosjektpengane me samla inn reddar i dag liv, skapar håp og gjev mange menneske ny verdi. Innsamlinga vår er over, men i Mali har forandringa nettopp starta, og den store utviklinga berre så vidt begynt!

Marta Sortland

garantert ikke! Givervanene elevene på Framnes får muligheten til å innarbeide er unike. Slike givervaner vil gi resultater i generasjoner framover. Gjennom talentiade, kafe- og restaurantkvelder, misjonsløp slår misjonsprosjektet to fluer i en smekk, og tjener penger samtidig som de setter farge på miljøet. Elevene som jobber med prosjektet får gode erfaringer gjennom å

organisere, samarbeide og å tenke ut nye ideer og løsninger. Lærdom man tilegner seg ved å jobbe med noe man virkelig bryr seg om er den beste læringen! Slagordet for prosjektet var: Bli med, da redder du liv! Og det var akkurat det elevene og personalet på Framnes gjorde, og fortsatt gjør, både her på jorden og ikke minst i evigheten!

Øyvind B Vassli



Prosjektpengane frå Framnes-russen reddar liv! Foto: Marta Sortland



Misjonsprosjektet gjev lys i kvardagen for mødrene og borna deira i Mali. Foto: Marta Sortland



– Som lærer opplever jeg skolen like mye som livsstil som jobb, sier Geir Johnny Undal. Her foran Framnes på en kald novemberdag i isende nordavind. Foto: Lars A. Oma

Navn: Geir Johnny Undal
Alder: 36
Yrke: Lærer ved Framnes vidaregåande skule
Bosted: På Framnes
Sivilstatus: Gift med Ingrid.
Tre barn
Aktuelt: Det å være lærer på en internatskole.

– *Hvorfor ble det Framnes Geir Johnny?*
– Jeg studerte tysk og samfunnsfag på universitetet i Bergen. Idrett hadde jeg i fagkretsen fra før. Så da jeg fikk spørsmål om å komme inn til Hardanger og Framnes var egentlig valget enkelt. Jeg syntes det virket spennende å jobbe på en kristen skole med internat. Jeg hadde jobbet flere år i en sportsbutikk i Åsane og var klar for å gjøre noe annet. Så da sjansen bød seg bestemte vi oss for å prøve å bo på andre siden av Kvamskogen. Og nå har vi altså bodd her i 9 år og alle i familien trives godt.
– *Hadde du noe forhold til Framnes*

fra før av?
– Både ja og nei. Jeg hadde jo hørt om Framnes både som folkehøyskole fordi bror min, Karl Morten, gikk her i 84/85. Dessuten var det jo av og til snakk om skolen i leirsammenheng. Men ellers hadde jeg begrenset kjennskap til skolen etter at den gikk over til vidaregåande.

– *Du underviser bla. på idrettslinjen i ledelse og instruksjon. Har du hatt en karriere selv som aktiv idrettutøver?*
– Nei, jeg har vel egentlig var mer en allrounder på mosjonsnivå. Jeg er glad i mange typer sport og synes det å være i aktivitet er kjekt. Jeg følger òg godt med i media og håper at "gullet kommer hem" i år. Fotball er en fascinerende sport og det skaper engasjement og vennskap både når en er med en kameratflokk i en gymsal eller en er med i den store flokken på 15-16000 på Stadion. Idrett gjør livet litt rikere.

– *Hvordan opplever du Framnes som*

skole?
– Som lærer opplever jeg skolen like mye som en livsstil som jobb. Vi som bor her på tunet treffer jo elever til alle døgnets tider både når en har fri og når en har tilsyn. Det er klart det kan være krevende å leve slik, men så langt så trives jeg godt med det. Men jeg tror òg det er viktig å ha noen holdepunkter utenom skolen. En kan jo tilbringe all sin tid på området. Her er nok å ta seg til både i arbeid og fritid. Men skal en "overleve" i dette skoleslaget på lang sikt, tror jeg det er viktig å sette grenser for seg selv og å finne noen arenaer utenfor skolen.

– *Har du funnet deg noen slike?*
– Ja, jeg er med i mannskoret Laudamus. Vi øver i Øystese bedehus hver onsdag. Det er godt å komme dit og få være en av 20 som prøver å skape noe sammen. Veldig kjekt å få lov til å være en del av det fellesskapet.

Vi har en dyktig dirigent i Ruth Oppedal Rasmussen og hun gir oss mange utfordringer. Ellers er jeg aktiv i Norheimsund indremisjon og i storsamlingene som Øystese og Norheimsund indremisjoner arrangerer. Et høydepunkt er òg å få ta seg en tur ut med båten.

– *Framnes har jo over 260 elever. Hvordan opplever du miljøet på skolen?*
– For meg ser det ut til at elevene har det bra. Det er jo veldig mange samlet på et lite område og kanskje kan noen oppleve å forsvinne litt i mengden. Men vi i kollegiet er obs. på problemet og drøfter det ofte både i møter og mer uformelle sammenhenger. Miljøavdelingen med Arne Opsahl Engen og miljøarbeiderne er sentrale i dette arbeidet. De gjør en svært viktig jobb og helt

avgjørende jobb for at dette skal lykkes. Lærerne som har tilsyn prøver å se og ta seg av elever som kanskje trenger litt ekstra støtte. I tillegg har vi jo alle de andre (ikke pedagogiske personale) som gjør alt de kan for at elevene skal trives. Vi har òg en fadderordning der de eldste elevene tar seg av de yngre. De er med på å føre 1.klassingene inn i Framnesmiljøet. Kjempeviktig!

– *Tidlig i 2006 fikk du og familien din en tøff beskjed fra sykehuset. Kan du fortelle litt om det?*
– Jeg hadde gått og hanglet en del og følte med uvel. Jeg ble sendt til Voss for å gå igjennom en gastroskopiundersøkelse. I den sammenhengen ble det òg gjort en CT-scanning av hodet. Da viste det seg at det var noe der, og jeg ble sendt til Haukeland. Diagnosen var svulst på hjernen.

Jeg ble operert og det viste seg at svulsten var ondartet. Jeg måtte igjennom et halvt år med stråling og cellegift. Det var en tøff tid. Men folk stillte opp for oss både med barnepass, bakverk og andre praktiske gjøremål. Det er godt ha gode venner og kolleger i en slik situasjon. I juni 2006 var jeg ferdig med behandlingen. Takk til alle for forbønn og praktisk hjelp!

– *Hvordan har du det nå?*
– Nå føler jeg meg bra. Jeg går til jevnlig kontroll og det skal jeg gjøre i 7- 8 år til. Nå er jeg i full jobb igjen og vi har tatt opp igjen husbyggingsplanene våre i Breimyråsen.
– *Takk for praten Geir Johnny og lykke til videre for deg og din familie!*

Magne Kolstad

FRÅ MINNEBOKA | Kåre Steinsund

Som elev på Framnes i 2 år, 1955/56/57, har eg opplevd å vera 50 ård-jubilant dei siste to åra. Om lag 100 medelevar fekk eg møta igjen, og det var utruleg gildt. Minna strøymde på, og noko av den gamle tonen fann me. Har hug til å senda ei varm helsing til dykk alle,- også til deg som ikkje kunne vera med. Framnestida kan me ikkje gløyma! Dette er mange minne, men det er to-tre eg vil trekkja fram frå første året:

1. Ein vinterkveld stod elevflokken i snøen utanfor rektorbustaden og song. Det var siste året Hans Sandvoll var rektor (skulestyrar) på skulen, og denne dagen fyllte han 68 år. Sandvoll opna vindauga, var rørt til tårer, og vitna for elevflokken. Det var for meg ei heilag stund. Mange har peika på at Sandvoll var så streng. Han var vel det, men når du møtte det varme hjarta, i samtale og sjelesorg, i nød og i bøn, då fekk du andre tankar. Eg er djupt takksam for det han fekk vera for meg då, og seinare i livet.
2. Det gjekk ei stille vekking på skulen den vinteren. Mange gav

livet sitt til Jesus. Eg tenkjer på oss gutane, som hadde egne bønemøte på Vonheim. Det var ikkje så mange i starten, men utover vinteren vart me fleire og fleire. Trur me var rundt 40 på det meste. Å, kor gildt det var! Gullminne! Ikkje kan me gløyma tirsdagskveldane i Gamlesalen heller, då mange vitna om sitt møte med Jesus, og der me bøygde kne og ba til Gud.

3. Dette minner meg om ei hending på skulen som var både sterk og vond for oss alle. Ein av gutane vart alvorleg sjuk, og det bar til sjukehuset på Voss. Han kom ikkje igjen. Då Olav Tveit på ein morgonsamling fortalde oss at kameraten vår var død, vart det stille i foredragsalen. Døden høyrde liksom ikkje heime der og då, men det gav alvorstankar om det skjøre livet. Det hende noko i forkant av dette som vart fortalt oss etterpå. Det var dagen for ein av dei store hyslydkveldane på skulen, og bibelskulestyrar Anker Goli var talar. Han song som vanleg songen sin: "Eg har valgt å gjøre selskap med

Guds enkle vandringsmenn. Det må koste kva det vil, men eg må hjem til himmelen." Då kom denne guten fram til Goli etter festen og sa at no ville han også velja Jesus. Dette har minna meg så mange gonger om kor viktig det er å velja rett, - og i tide. Slik vart det noko lyst og godt over dette minnet.

Kåre Steinsund

Takk til Kåre Steinsund for fint Framnesminne!



Kåre Steinsund



Frå opningshelga i haust.

Foto: Lars A. Oma

VG1 Studiespesialisering

IA
 Algrøy, Marita, FJELL
 Aune, Kristin, ÅS
 Brun, Kathrine, MYRE
 Enstad, Åshild Kvistad, FLORØ
 Eriksen, Svanhild Bragvin, ERDAL
 Hatletveit, Ida Djupevåg, GODVIK
 Hatten, Øyvind, TJELDSTØ
 Hidem, Åse Mari Månun, GRAN
 Johnsen, Bjørn-Magne Talberg, RONG
 Karlsen, Anne-Gunn, PARADIS
 Klepsvik, Ragnhild Åsmundsdóttir, VALESTRANDSFOSEN
 Langeland, Øystein, KLOKKARVIK
 Lindheim, Barbro, LUNNER
 Lothe, Gunn Helene, UTNE
 Mjelde, Katrine Nordanger, HAUKELAND
 Opedal, Alexander Benjamin, ODDA
 Røen, Linn Borgny Andresen, ÅRLAND
 Råen, Vidar, UTNE
 Sande, Ester, STRAUMSGREND
 Solsvik, Jonas Johan, RONG
 Stuksrud, Arne-Kristian, FJELL,
 Sæle, Miriam Fjellstad, RONG
 Sæverås, Elisabeth, ÅS
 Tellevik, Martin, ASK
 Thomassen, Maria, FITJAR
 Thomassen, Siri, GRAN
 Tusvik, Annette Christin, IKORNES
 Vik, Ole Henrik Flekstad, RONG
 Østervold, Lars, BEKKJARVIK
 Aamli, Stine, STOKKE

IB
 Aadland, Gunhild, NEDSTRAND
 Aamli, Ane, FREKHAUG
 Aarskog, Synnøve, FITJAR
 Aksnes, Lene Aarhus, NORHEIMSUND
 Andås, Lars Bjarne, ISDALSTØ
 Berland, Vegard, SEIM
 Bleikli, Torgeir, ISDALSTØ
 Djupevåg, Oda Søylen, NORHEIMSUND

Dyrkolbotn, Tone Marit Håland, AUSTRHEIM
 Eian, Jonas Johannessen, NORHEIMSUND
 Epland, Isabell, FLATRÅKER
 Gray, Daniel Dahle, ALVERSUND
 Grenne, Øyvind, EKNE
 Hope, Kristine Marie Skotte, SØGNE
 Kaldefoss, Lasse André, REKSTEREN
 Kleven, Kristin, NORHEIMSUND
 Lilleås, Debora, NORHEIMSUND
 Lund, Jonas, ÅKREHAMN
 Madland, Andrea, FINNØY
 Murberg, Maria, ALTA
 Nydal, Johanne Skei, SKOGEN
 Nærbø, Sara Maria, NORHEIMSUND
 Óskarsdóttir, Vigdis, FROGNER
 Pedersen, Rizalyn, SANDNES
 Skjønhaug, Victoria, BØNES
 Skogstad, Marie Kristine, FROGNER
 Taule, Jostein, ROSSLAND
 Thormodsæter, Marianne, SÆBØVIK
 Vassli, Marit Bye, NOTODDEN

VG1 Idrett

IC
 Aasgard, Hildegunn, HJELMÅS
 Berland, Asbjørn, TYSSE
 Bjørkvall, Patrick Andreas, ØYSTESE
 Bø, Siv Merete, SAUDA
 Espeland, Miriam Karolina, BØNES
 Hansen, Eirin, ÅL
 Hansen, Jon Edgar, ØRNES
 Heimark, Håvard, LODDEFJORD
 Håland, Eivind, AUSTRHEIM
 Iversen, Morten, BERGEN
 Jåstad, Therese Raaen, GRIMO
 Kvalheim, Sindre, SEIM
 Kvist, André, BEKKJARVIK
 Kvåle, Lars Kristian, STRANDVIK
 Lunde, Ingrid, ØLENSVÅG
 Midtgarden, Jørund, FYRES DAL
 Moldsvor, Per Even Tjøstheim, NORHEIMSUND

Mortensen, John Terje, KOLVEREID
 Nessa, Hallvard, JELSA
 Norheim, Torstein Vestrheim, NORHEIMSUND
 Paulsen, Silje Kvisvik, FREKHAUG
 Rusten, Malene Bergset, VALEN
 Stegen, Mats Aarhus, GRIMO
 Steinsvoll, Andreas, NORHEIMSUND
 Storaas, Nils Mo, NORHEIMSUND
 Svendsen, Noel, TØRVIKBYGD
 Sæther, Camilla, ASK
 Såkvitne, Aslak, GRANVIN
 Thorsen, Idun Magnetun, ÅL
 Torsvik, Marthe, OLSVIK
 Øyen, Maria, FREKHAUG

VG2 Studiespesialisering

IA
 Aleksandersen, Erlend, FITJAR
 Andresen, Kristine Vik, NYBORG
 Bakke, Ida Linn, FLORØ
 Bolstad, Susanne, EIKEFJORD
 Bye, Ivar Mellesdal, RÅDAL
 Byrknes, Thomas, ISDALSTØ
 Børsheim, Linn Karin, STRANDEBARM
 Dammens, Jacqueline K. OS
 Dokken, Tina, FIGGJO
 Drønen, Theodor, FITJAR
 Eide, Ingrid, OLDEN
 Eidsheim, Hege, SKULESTADMO
 Furnes, Lydia Kristin, GODØYA
 Grimstad, Sara Marie, OSLO
 Holt, Anette, ØYSTESE
 Hove, Kristine, ROSSLAND
 Lein-Mathisen, Marie, KUWAIT
 Mizero, Oliver, BERGEN
 Nilsen, Torjus, MATHOPEN
 Njau, Jonas, Tanzania
 Raunholm, Ane, FITJAR
 Sandven, Anne Linn Tøkje, ØYSTESE
 Seim, Knut, VOSS
 Simonsen, Hege Stende, DOMBÅS
 Skretting, Karoline Lilleås, FIGGJO
 Skutlaberg, Leif Inge, ØYSTESE
 Strand, Marit Norheim, ÅL
 Svane, Karl Ivar, FITJAR
 Svoen, Åshild Elvik, FLORØ
 Tynning, Ingvild, KVERNALAND
 Uthaug, Thomas, AUSTRHEIM

2B
 Aas, Anne-Mari Bjølverud, DOMBÅS
 Andersen, Elisabeth, JØRPELAND
 Brennsæter, Bodil Skår, ØYSTESE
 Drønen, Hanne Lise, TORANGSVÅG
 Edwardsen, Kaja Elisabeth, LOMMEDALEN
 Ekblom, Sara Myklestad, BLOMSTERDALEN
 Fjellro, Line Molven, ØYSTESE
 Fosse, Hilde Karoline, BLOMSTERDALEN
 Gjeitanger, Thomas André, STRAUME
 Grøndahl, Stine, OSLO
 Guddal, Marie Rosmunda, SEIMSFOSS
 Hammer, Arild, ØYSTESE

Hugdøl, Ingrid, ÅFJORD
 Høvik, Alexander, ØYSTESE
 Kristensen, Therese, NORHEIMSUND
 Magerøy, Barathi Victoria, SØREIDGREND
 Manyere, Kuda C. Kanhema, PARADIS
 Norlund, Elin Julianne, RÅHOLT
 Olsen, Tian, MATHOPEN
 Roman, Fredrik Alexander, LEVANGER
 Simonsen, Charlotte, SANDSLI
 Simonsen, Sanna, FINNÅS
 Solsvik, Åsmund, NORHEIMSUND
 Sæle, Martin, EIDFJORD
 Torsvik, Benjamin, RONG
 Totland, Elisabet Høines, HUSNES
 Veland, Stein Morten, FONNES
 Vestbø, Monica, NORHEIMSUND
 Vågenes, Tina Mari, MANGER
 Økland, Helene, TORANGSVÅG
 Øyri, Linn Kristin Lie, ØYSTESE

VG2 Idrett

2C
 Augestad, Joachim, SANDNES
 Blom, Steinar Konrad, RONG
 Bowitz-Øygarden, Janne Karin, AVALDSNES
 Dahl, Isabella, SKJÆRHALLEN
 Frøyland, Andreas, KOKSTAD
 Funderud, Matilde, SKÅNEVIK
 Galtung, Synnøve, TORVASTAD
 Grindheim, Thor Anton K., NORHEIMSUND
 Guttormsen, Peter Kaldestad, FLEKKERØY
 Hailu, Kirubel, BØNES
 Hauso, Marita, GRIMO
 Hummelsund, Daniel Landro, BØNES
 Kjosås, Ingve, ØYSTESE
 Kvebæk, Kristina, ÅKREHAMN
 Lemming, Jesper Backer, HOBØL
 Liknes, Svein Helge H., ÅKREHAMN
 Lillemo, Rebekka, ØLENSVÅG
 Lysne, Hilde Anette, FLORØ
 Minde, Aina, FJELL
 Minde, Sindre, VOSS
 Møgster, Astrid, KOLBEINSVIK
 Møgster, Christian, STOREBØ
 Oma, Andreas, ØYSTESE
 Oma, Peter Fredheim, ØYSTESE
 Osland, Lene, BJORDAL
 Rosseland, Robert, ØYSTESE
 Skeie, Eivind, NORHEIMSUND
 Toft, Kristina, ØYSTESE
 Ulltang, Eirik, ØYSTESE
 Østervold, Juliana Salthella, BEKKJARVIK

VG3 Studiespesialisering

3A
 Dalen, Elisabet Kleppe, FITJAR
 Drange, Roger, TYSNES
 Draugedal, Nils Andre, KVITSEID
 Dyrkolbotn, Rune, UTNE
 Eidsheim, Christine, ØSTEREIDET
 Eriksen, Karl Erik, HETLEVIK
 Ferstad, Mari, LODDEFJORD

Frøyenes, Kim Andre, STANGHELLE
 Grantvedt, Erlend Leif, NYBORG
 Haaland, Jørgen, LUNDEGREND
 Hansen, Emil Lie, UGGDAL
 Hovda, Sindre, VIKEBYGD
 Kiland, Kari, FYRES DAL
 Kjærland, Margrete, NYBORG
 Kjærland, Maria Nikoline, USKEDALEN
 Kleven, Hilde, NORHEIMSUND
 Langeland, Maria Kristina Skeie, NORHEIMSUND
 Leikvoll, Silje, NYBORG
 Lyngøy, Håkon, HJELMÅS
 Nesland, Erlend Takle, FYRES DAL
 Sandven, Anna Skeie, NORHEIMSUND
 Solligård, Ragnhild, FANNREM
 Sundfjord, Nina Blindheim, LUNDEGREND
 Toft-Eriksen, Trygve, VARHAUG
 Tokheim, Johanna, ØYSTESE
 Wentta, Andreas, HAUGESUND
 Øpstebø, Synnøve Hagerup, ALVERSUND

3B

Aarvik, Ragnhild, LOFTHUS
 Buduson, Anna, OSLO
 Djupvik, Ole Martin, STORD
 Forstrønen, Dani André, STRAUMSGREND
 Heimvik, Andrea, BERGEN
 Kjærnes, Linda Brennesvik, HALDEN
 Kleppe, Malin, ULSET
 Kvåle, Hans Christian Trefall, OS
 Kùspert, Hans-Christian, Madagaskar
 Myksvoll, Alida Christine, FETSUND
 Mæstad, Janne Minde, ROSSLAND
 Møvik, Susanne Skår, FREKHAUG
 Nørstebø, Odd-Arild, TRETEN
 Robberstad, Vilde Helene Binder, KLEPPESTØ
 Skare, Henriette Odland, FREKHAUG
 Skoge, Katrine Aasgard, KLOKKARVIK
 Steinsland, Thomas, MOSTERHAMN
 Strand, Maria, GRIMO

Torkelsen, Daniel, MOSTERHAMN
 Tveiterås, Henrik, VALESTRANDSFOSEN
 Valvatne, Ragnhild, SAGVÅG
 Vevatne, Inger Martine Tautra, ASKER
 Vik, Knut-Arne, RONG
 Ølmheim, Marita, BRYNE
 Ørvig, Maria Nikolova, RÅDAL

VG 3 Idrett

3C
 Almberg, Joakim, HAUKELAND
 Bergaplass, Beate, ÅL
 Bjørke, Helge, ØYSTESE
 Børnes, Øyvind, STOREBØ
 Børven, Svein Inge, ØYSTESE
 Eide, Andreas, EIKELANDSOSEN
 Eide, Jørgen, TØRVIKBYGD
 Gangås, Marita, FANNREM
 Grøtt, Vegard, NORHEIMSUND

Haugland, Remi Skjønhaug, STOREBØ
 Hevrøy, Hans Ola, STOREBØ
 Johansen, Marit, GAUPNE
 Jøssang, Synnøve, FREKHAUG
 Kalvenes, Vegard Magnarson, STOREBØ
 Kjosås, Christian, NORHEIMSUND
 Kristiansen, Joar-André, SKONSENG
 Kvalvåg, Christopher Mæland, ESPELAND
 Lid, Tara Anitra, NORHEIMSUND
 Midtgarden, Marte, FYRES DAL
 Mo, Thomas, NORHEIMSUND
 Neset, Marit, RAULAND
 Sanderud, Elisa, ETNEDAL
 Smenes, Kirsti Marie, AVERØY
 Solhaug, Anne Ørjasæter, GEIRANGER
 Sørås, Andreas, ESPELAND
 Tolo, Toralv, NORHEIMSUND
 Tufteland, Ragnhild, FITJAR
 Tømte, Sondre, HURDAL
 Urdal, Simon, KRISTIANSSAND S
 Vinskei, May-Elèn, SPYDEBERG



Mykje fart og aktivitet for idrettselevane

Foto: Lars A. Oma



Spanande møte med ørkenfolket

I slutten av september reiste 46 elevar og fire lærarar avgarde til Tunisia på ein 14 dagars studietur. Dei kom attende rike på opplevingar og lærdom.

Det meste er annleis i denne nasjonen på sørsida av Middelhavet, heilt nord i Afrika. Landet byr på spanande historie, og med norsk-tunisiaren Slah som guide fekk dei reisande godt innsyn i den samanfletta kulturen.

Kulturhistorie

Den første veka var reisefølget i lag med Slah, som Framnes har samarbeidd med i mange år. Han tok «turistane» med på ei rundreise der dei fekk sjå sider ved landet som den jamne turist vanlegvis ikkje får. Elevar og lærarar fekk under turen læra mykje om tunisisk, muslimsk, kristen kultur. Moské-besøket, møtet med dei eldgamle katakombene, romerske amfi og dåpsbasseng, og offerminnesteinar frå tida med Baal-religionen gjorde inntrykk. Dei fekk òg treffa representantar for ein levande beduinkultur.

Historiekunnskapane vart krydra med kamelriding, overnatting i ørkenen, landrover-safari og mykje



Øverst t.v.: Slah fortel om historia bak moskeen.

Øverst t.h.: Eksotiske opplevingar på kamelryggen

Nede: Lovsang i dei eldgamle katakombene.

Foto: Sverre Lindøy

anna moro i sanddynene i Sahara. Under den siste delen av turen var dei reisande stasjonert på turisthotellet Rosa Beach i byen Monastir. Desse dagane fekk framnesfolket møta misjonærparet Njål og Marit, og pionerverksemda deira mellom muslimane i Tunisia. Dei har etablert reisebyrået Ichtus Travel, som er basen for misjonverksemda Framnes-russen tidlegare har vore med på samla inn pengar til. Det er i utgangspunktet ikkje lov å driva direkte misjonsarbeid i Tunisia.

Martyrar

Gjennom besøket hjå misjonærparet

fekk elevane på nært hald sjå korleis ein kjem i kontakt med ei muslimsk befolkning på ein naturleg måte.

Det vart òg høve til å verta nærare kjend med historia til dei første kristne i denne delen av Afrika. Om forfylgjing og martyrdød. Å få syngja lovsangar i dei gamle katakombene er spesielt!

Og sjølvsgatt vart det tid til bading, soling og handleturar i hektiske handlegater.

Lærarane er kjempestolte over dei eksemplariske elevane som var med på turen.

(Kjelde: Ein av lærarane som var med på turen, Lisbeth F. Oma)